

*Nordhordland kompetanseregion*

*for grunnskulen*

*Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

**REFERAT FRÅ MØTE 01/17 I DEN REGIONALE BARNEHAGEGRUPPA 09.02.17**

Møtet fann stad på Dampen, Møterom Kantine.

**Desse møtte:** Ragna Midtbø, Astrid N. Sylta, Sylvi-Ann Hanstveit, Grete Urdal, Alf Strand, Åshild Hope Herland, Mette Marei Træland og Dina Dyrhovden.

**Meld forfall:** Rita Amundsen og Kristine Rossnes.

**01/17 INNKALLING OG SAKLISTE**

**Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjendt.**

**02/17 REFERAT FRÅ FØRRE MØTE 07.12.16**

Leiar gjekk gjennom referatet i høve til oppfølging av avtalar gjort i sist møte.

- Regional styrarsamling 30.05: FM kan vere med på dette. Eit fagleg blick på den nye Rammeplanen. Ikkje det juridiske. Har ikkje fått endeleg tilbakemelding om dette. Annan kompetanse? Kvar kommune tek ansvar for at styrarane set av denne dagen.

Det var elles ikkje merknader til referatet.

**Vedtak: Referatet vart godkjendt.**

**03/17 TILSYN**

Notat frå Åshild og Astrid var sendt ut med innkallinga. Dei orienterte om arbeidet.

Åshild har prøvt ut *ståstadsanalysen* i sin barnehage. Fungerer godt og er eit viktig verktøy. Resultat frå ståstadsanalysar vert eit viktig grunnlag for tilsynet og for å kunne gjere ei risikovurdering for kvar ein skal starte arbeidet. *Foreldreundersøkinga* er gjennomført i ein del kommunar og det er også viktige tilbakemeldingar. Reflex – barnehageeigar-analysen må me også ha med. <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/egenvurdering/reflex/>

Det skal gjerast ein revisjon av NKR sine tilsynsdokument. Dokumenta skal godkjennast av kommunestyra i kommunane. Ein legg opp til å skrive ei felles sak.

**Vidare arbeid:**

Kva	Kven	Når	Merknad
Arbeidsseminar	Barnehagefagleg ansvarlege	25.- 26.04	Frå lunch til lunch lunch ++.  Aktuelle stadar: Vidsyn, Skjerjehamn, Stordalen Fjellstove  Koordinator innhentar tilbod og bestiller
Arbeidsfordeling	Åshild og Astrid lagar ein plan for arbeidet på seminaret	I god tid	
Til seminaret: Lese og førebu seg til å gjere eit arbeid	Reg.barnehage-gruppe	Før 25.04	Vert sendt ut i god tid før

**0417 NY RAMMEPLAN**

14.-15. august er det planleggings dagar. Det er aktuelt med ein felles kursdag i Nordhordland. Drøfta ulike bidragsytarar. Aktuelle: Kari Pape. Astrid Manger. Høgskulen på Vestlandet.

Signal om deltaking: Osterøy er 120 tilsette i BH og planlegg å arrangerer eigen ½-dagssamling før arbeid i eigen barnehage. Austrheim og Masfjorden vert med. Mogeleg at Lindås og Meland deltek med ein del. Modalen er også interessert. Kan bli rundt 200 personar. Behov for stort lokale.

Det er samling for barnehageeigar/etatsleiar på Solstrand 05.-06.juni.

**Konklusjon: Det er behov for ein felles samling på Ny Rammeplan i Nordhordland 14.08.17.**

## Vidare arbeid

Kva	Kven	Når	Merknad
Bestille storsalen på NFH	Koordinator	Snarast	0900-1500
Kari Pape	Koordinator	Snarast	Rammeplansamling i Nordhordland 14. august. Alle tilsette. Kickoff nytt barnehageår. Pris max 30.000,-  Koordinator konferer med reg.BH-gruppe.
Høgskulen på Vestlandet	Mette Marei kontktar HV	Dersom ikkje Kari Pape kan....	Rammeplansamling i Nordhordland 14. august. Alle tilsette. Kickoff nytt barnehageår. Pris max 30.000,-

### 05/17 ENDRING I BARNEHAGELOVA - SPESIALPEDAGOGISK HJELP

Styrarsamling 09.02.17 kl 1200-1430.

### 06/17 GLØD

Sylvi Ann orienterte om aktuelle tema no:

- Mandat og handlingsplan.
- Rekruttering.
- Barnehagelæraren.
- Likestilling.
- Mangfald.

NKR og kommunane i Nordhordland stod ikkje på e-postlista til Høgskulen. Dette vert no retta opp.

## **07/17 SKRIV OG MELDINGAR**

Referat frå styremøte i NKR, 31.01.2017.

**Kvalitetskriterier - PPT.** Drøfting: Deltaking av barnehagefaglege i førebuing og i styremøtet 27.04.17. Samarbeid og kommunikasjon internt i kommunen (mellom skulefagleg og barnehagefagleg ansvarleg) må ligge i botn. Barnehagefagleg ansvarlege har høve til å delta i styremøter. Får også referat og sakliste.

**Forsking:** Kva seier forsking om det me gjer? Goban. Sak på neste møte i samband med tilsyn.

**Styrrutdanning:** Koordinator fekk før jul telefon frå Høgskulen på Vestlandet, avd Sogndal om det er interessant med styrrutdanning i regionen? Koordinator stilte seg positiv til å vere med å bidra til dette. Det må sjølvsagt kartleggjast behovet i kommunane. Koordinator bad om å få informasjon tilsendt på e-post, men har enno ikkje motteke noko.

## **08/17 NYTT SØKNADSSKJEMA BARNEHAGE, VISMA/KF**

Astrid og Mette arbeidar vidare med dette.

## **09/17 YMSE**

**Barnehageplass i annan kommune enn bukommune:** Søknad om spesialundervising skal gå til den kommunen du bur i. Det same gjeld for redusert foreldrebetaling. Bukommunen skal gjere vedtak i begge desse sakene. Det er også bukommunen som tek kostnaden. Barnehagen/kommunen sender refusjonskrav til bukommunen. Lindås/Meland har prosedyre for redusert foreldrebetaling. Astrid sender ut til medlemmane i reg.barnehagegruppe.

**Opptak:** Barn med rett på plass frå november. Korleis gjere dette? Ein kan velje å ha 2 hovudopptak. Det var semje om at det er ei fordel å ta dette i samband med hovudopptaket i mars, då ein vil få eit oversyn på behovet. Barna vil bli teke inn. Retten for desse barna gjeld frå november. Det kan bli tap av foreldrebetaling frå august til november. Kommunane må informere foreldra.

**Høyringar:** Administrativt eller politisk. Når er du 3 år? Alle er 3 år første august.

**Fagdag i november:** Føringar på realfagssatsing og andre utviklingsområder som td pedagogisk leing og kompetanse for mangfald. Dette må me ha med i vurderingane når me planlegg vidare kompetanseutvikling. Må starte planlegginga av felles fagdag i november. Aktuelle bidragsytarar: Ynskjer kompetanse frå HpV - Mette MT sjekkar dette. Gerd Abrahamsen – vaksen-barn-relasjonar. Line Melvoll? Kommunane må sjekke ut om dei skal delta. Kva er behov/ynskje i kommunane. Sak på neste møte.

**Språkløyper:** Austrheim er inne i dette. Meland har realfagssatsing. Lindås kommune vurderer Språkkommune/språkløyper.

**Vigilo:** Reaksjonar frå Utdanningsforbundet i nokre kommunar. Vert handtert i aktuelle kommunar.

**Neste møte: 28.03.17 kl 1200-1530. Startar med lunch.**

13.02.17

Sylvi-Ann Hanstvedt  
leiar

Dina Dyrhovden  
koordinator